

NYTT FRÅ HORDALAND I TAL NR. 1 -2017

Folketalsutvikling i Sunnhordland

Svakaste vekst på 11 år

Om Hordaland i tal

Hordaland i tal kjem to gongar i året i samband med fylkestinget. Om våren er tema *folketal og demografi*, om hausten er tema *næring, innovasjon og utdanning*.

Les [Hordaland i tal nr. 1-2017](#)

Statistikk.ivest.no

Du finn tal for din region og kommune på statistikk.ivest.no.

AUD-rapportar

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse produserer årleg fleire rapportar på oppdrag internt og eksternt.

Les meir [her](#)

Kart.hfk.no

Du finn kart og geografiske data tilgjengeleg på HFK sin [kartportal](#). Fleire temakart finn du på hordaland.no

Ønskjer du ei forklaring?

Vi presenterer gjerne funna frå Hordaland i tal for din kommune. Ta [kontakt](#) med oss for å avtale nærmare.

Ved årsskiftet var folketallet i Sunnhordland 64 851, ein auke på 273 innbyggjarar frå fjoråret. Veksten i 2016 kom på 0,4 %, som er den lågaste relative veksten sidan 2006. Dette skuldast særleg nedgangen i nettoinnvandringa frå 2015 til 2016.

Sterkast vekst i Tysnes

Kommunane med sterkast prosentvis vekst i Sunnhordland i 2016 er Tysnes (1,8 %), og ligg med dette to gongar over den nasjonale veksten. For kommunen betyr dette 50 fleire innbyggjarar. Fitjar (1,6 %) og Sveio (1,1%), ligg begge over den nasjonale veksten. Forutan Kvinnherad, som hadde nedgang i folketallet, hadde alle dei resterande kommunane vekst, men under den nasjonale veksten.

Fødselsunderskot i Sunnhordland

I Kvinnherad vart det fødd 30 færre barn i 2016 enn året før, i Sveio 18 færre. Det var desse som i størst grad førte til tilbakegangen av fødslar i Sunnhordland.

Sterkast venta vekst i Sveio og Austevoll

Befolkningsprognosen for perioden 2017-2040 viser at kommunane som ligg i den ytre delen av Sunnhordland, Austevoll, Stord, Bømlo og Sveio vil få vekst i folketallet fram mot 2040. Kvinnherad, Etne, Tysnes og Fitjar er venta å få ein nedgang.


Befolkninga blir eldre

Snittalderen i Sunnhordlands-kommunane var 39,6 år i 2016 og har endra seg negativt sidan 2015. Befolkninga har i snitt blitt 83 dagar eldre.

Størst tilflytting frå Norge og utlandet

Dei største flyttestraumane til Sunnhordland viser at dei fleste tilflyttarane kjem frå Norge (utanom Hordaland) og utlandet. Den største fråflyttinga er til Norge (utanom Hordaland og Bergen).


Figur 1: Folketalsutvikling i Sunnhordland 2016-2017. Kjelde: SSB, egne berekningar



I denne utgåva kan du kan lese meir om...

Lågaste vekst i innvandrabefolkninga sidan 2005

Figur 2: Innvandring til Hordaland i perioden 2006-2017, etter verdsdel. Kjelde: SSB Statistikkbanken



Per 1. januar 2017 var det registrert 62 850 innvandrere i Hordaland. Dette er ein auke på 2,7 % eller 1 633 fleire sidan 2016. Innvandrabefolkninga frå Asia, Afrika og Sør- og Mellom-Amerika auka, mens det var ein nedgang i talet innvandrere i fylket frå Europa utanom Tyrkia, Nord-Amerika og Oseania.


Fleire i låginntekthushald

Delen av hordalendingar som bur i låginntekthushald (under 60 % av medianinntekt, EU-skala) har auka dei siste åra. I snitt budde 8 % av befolkninga i Hordaland i låginntekthushald i perioden 2005 – 2014, mens det i 2015 var 9,6 %. Det er ein auke på 0,2 prosentpoeng frå året før.

Talet på pensjonistar per arbeidsføre aukar

Både for Bergensregionen og for resten av fylket blir ein større del av befolkninga eldre utan at det blir ein større del i arbeidsfør alder. Fleire regionar har hatt ein reduksjon i talet 20-66-åringar per innbyggjar over 67 år, ein trend som vil halde fram dei komande åra. Den gjennomsnittlege reduksjon i forholdstalet for regionane er 1,8% per år.

Figur 3: Figuren viser forsørgingsbøra etter region i Hordaland i perioden 1986 til 2041. Tala for 2018-2041 er framskrive med basis i Hordaland fylkeskommune sine befolkningsprognosar.



Figur 4: Figuren viser befolkningsutviklinga i Hordaland, fordelt på fødselsoverskot (fødde minus døde), netto innanlandsk flytting (tilflyttarar minus utflyttarar) og netto innvandring (innvandrere minus utvandrere) frå 1. januar 1997 til 31. desember 2040.

Kjelde: SSB Statistikkbanken, statistikk.igest.no. Hordaland fylkeskommune sin befolkningsprognose frå 2016.

